

KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 349/2001**2003/EØS/49/10****av 21. februar 2001****om endring av forordning (EØF) nr. 94/92 om nærmere regler for gjennomføring av ordningen med import fra tredjestaer, omhandlet i rådsforordning (EØF) nr. 2092/91(*)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 2092/91 av 24. juni 1991 om økologisk produksjonsmetode for landbruksprodukter og slik angivelse på landbruksprodukter og næringsmidler⁽¹⁾, sist endra ved kommisjonsforordning (EF) nr. 2020/2000⁽²⁾, særleg artikkel 11 nr. 1, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I medhald av artikkel 11 nr. 1 i forordning (EØF) *nr. 2092/91 kan produkt som er importerte frå ein tredjestaat, marknadsførast berre dersom dei opphavleg kjem frå ein tredjestaat som er oppført i ei liste som er utarbeidd i samsvar med vilkåra i artikkel 11 nr. 2 i forordning (EØF) nr. 2092/91. Denne lista er førd opp i vedlegget til kommisjonsforordning (EØF) nr. 94/92⁽³⁾, sist endra ved forordning (EF) nr. 2426/2000⁽⁴⁾.
- 2) Ungarn har bede Kommisjonen om å endre vilkåra for oppføringa deira i lista, slik at import av økologisk produserte råvarer kan tillatast, og har sendt over dei opplysningane som krevst i medhald av artikkel 2 nr. 5 i forordning (EØF) nr. 94/92. Granskinga av dei opplysningane som er sende over, har synt at krava er

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 21. februar 2001.

jamgode med dei krava som følgjer av regelverket til Fellesskapet.

- 3) Argentina har gjeve Kommisjonen dei garantiane han har bede om med omsyn til produksjon og kontroll av dyr og animalske produkt. Fristen for oppføring i lista, som går ut 28. februar 2001, bør difor lengjast ytterlegare, slik at importen kan haldast ved lag.
- 4) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er nemnt i artikkel 14 i forordning (EØF) nr. 2092/91 —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:*Artikkel 1*

Vedlegget til forordning (EØF) nr. 94/92 vert endra med omsyn til Argentina og Ungarn i samsvar med vedlegget til denne forordninga.

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde tredje dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

For Kommisjonen

Franz FISCHLER

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 52 av 22.2.2001, s. 14, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 97/2002 av 12. juli 2002 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende nr. 54 av 31.10.2002, s. 3.

(¹) TEF L 198 av 22.7.1991, s. 1.

(²) TEF L 241 av 26.9.2000, s. 39.

(³) TEF L 11 av 17.1.1992, s. 14.

(⁴) TEF L 279 av 1.11.2000, s. 19.

VEDLEGG

I teksta som gjeld Argentina, skal nr. 5 lyde:

«5. Frist for oppføring: 30. juni 2003.»

I teksta som gjeld Ungarn, skal nr. 2 lyde:

«2. Opprinnelse: produktene i kategori 1 bokstav a) og ingrediensene framstilt etter økologiske produksjonsmetoder i produkter i kategori 1 bokstav b) er framstilt i Ungarn eller importert til Ungarn

- fra Det europeiske fellesskap, eller
 - fra en tredjestaat i henhold til en ordning ansett som likeverdig i samsvar med bestemmelsene i artikkel 11 nr. 1 i forordning (EØF) nr. 2092/91.»
-